



Dyrkolbotn Fjellstove
Dyrkolbotn 119
5994 VIKANES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7875 - 15/24773

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
08.07.2015

Oversending av klage til uttale - driftsbygging - gbnr 247/10

OVERSENDING AV KLAGE TIL UTTALE PARTAR

Kommunen har den 07.07.15 motteken klage på vedtak – løyve til tiltak utan ansvarsrett. Vi forstår innhaldet i klagen til å omhandle vedtak om utsleppsløyve av gråvatn datert 23.06.15 i delegert vedtak saknr.: 273/15.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker, jf. byggesakforskrifta (SAK) § 7-1 1.ledd bokstav d.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til dykk som part i saka for uttale.

Frist for innsending av uttale til klagen er 04.08.15.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33. Dersom administrasjonen opprettheld vedtaket, vert klagen handsama av Plan- og miljøutval i møte den 02.09.15. Møta vert halde på rådhuset og er opne for publikum. Meir informasjon om politiske møte ligg på Lindås kommune si heimeside <http://www.lindas.kommune.no/politikk.323051.nn.html>.

Handsaminga i Plan- og miljøutval kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthaldt av Plan- og miljøutval, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Vi gjer merksam på at alt arbeid før klage er endeleg avgjort vert utført på eiga økonomisk risiko/ansvar.

Til orientering

Vi gjer merksam på at byggesakseininga held på å avvikle ferie og har redusert bemanning i juli/august. Sakshandsamar avvikler ferie frå 25.7 til og med 16.08. Skrivefrist til møte 02.09.15 er 10.08.15. Vi vil prøve å få saka opp til møtet 02.09.15, dersom vi ikkje rekk det er neste planlagde møte 11.11.15.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar



Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på vedtak: Løyve til tiltak utan ansvarsrett - gbnr 247/10 - driftsbygning

Kopi til:

Jostein og Jorunn Dyrkolbotn	Dyrkolbotn	5994	VIKANES
------------------------------	------------	------	---------

Mottakarar:

Dyrkolbotn Fjellstove	Dyrkolbotn 119	5994	VIKANES
-----------------------	----------------	------	---------